



Referanser:

Arkivsak: 24/02109-5

UKM 01.02/24 Mandat for valkomiteen

Sammendrag

Ungdommens kyrkjemøte vedtek årleg mandat for valkomiteen som førebur val til neste års Ungdommens kyrkjemøte.

Mandat for valkomiteen blei vedteke sist på Ungdommens kyrkjemøte 2023.

Forslag til vedtak

Den norske kyrkjes ungdomsutval anbefaler Ungdommens kyrkjemøte å vedta følgande:

Mandat for valkomiteen Ungdommens kyrkjemøte

- Ungdommens Kyrkjemøte valkomiteen (frå no av: valkomiteen) førebur Ungdommens kyrkjemøte (frå no av: UKM) sine val av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval, 3 representantar til Kyrkjemøtet og av ny valkomité.
- Valkomiteen vel sjølv leiar. Leiar for valkomiteen kallar inn til møta i komiteen og presenterer forslaget frå komiteen på UKM.
- Medlemmene i valkomiteen kan ikkje stille til val til Den norske kyrkja sitt ungdomsutval eller til val som representant frå UKM til Kyrkjemøtet, men er valbare til valkomiteen dersom dei er delegatar. Leiar og ordinære medlemmer i utvalet og representantar til Kyrkjemøtet skal veljast blant UKM sine delegatar.
- Valkomiteen får den sekretærbistanden frå Kyrkjerådet sitt sekretariatet som er nødvendig for å kunne gjennomføre oppgåvene sine på ein formålstenleg måte.

Forslag og nominasjon til Den norske kyrkja sitt ungdomsutval

- Valkomiteen ber ungdomsråda og dei organisasjonane som har rett til å sende delegatar, om å foreslå kandidatar til leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval og kandidatar som medlemmer i Den norske kyrkja sitt ungdomsutval innan UKM sin påmeldingsfrist.

6. Valkomiteen kan spørja sitjande medlemmer som kan veljast att om dei tar imot attval.
7. Valkomiteen ber UKM kome med forslag på kandidatar til medlemmer i Den norske kyrkja sitt ungdomsutval innan kl 17.00 dag to av UKM, og valkomiteen presenterer vallista si innan 24 timar før valgjennomføring.
8. Valkomiteen fremmer på dette grunnlaget ei valliste med: a) Ein til tre kandidatar til leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval, i alfabetisk rekkefølge, det året det skal veljast leiar. b) Kandidatar til val som ordinært medlem av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval. Oversyna over kandidatar skal vere delt i to. Øvst på lista skal valkomiteen prioritere minst det talet kandidatar som det skal veljast. Resten av kandidatane som stiller til val, skal førast opp på vallista i alfabetisk rekkefølge under dei prioriterte kandidatane.
9. Valkomiteen skal i prioriteringane sine sikre at lista er balansert når det gjeld kjønn og geografi, og ta i vare breidda når det gjeld bakgrunn. Innstillinga må ta i vare ei heilskapleg vurdering i forhold til sitjande medlemmer.

Nominasjon av kandidatar som representant til Kyrkjemøtet

10. Valkomiteen ber UKM om å kome med forslag på kandidatar som representantar til Kyrkjemøtet innan kl 17.00 dag to av UKM, og valkomiteen presenterer vallista si innan 24 timar før valgjennomføring.
11. Valkomiteen fremmer på grunnlag av innkomne innspel ei liste med kandidatar som representantar til Kyrkjemøtet. Lista skal vera i alfabetisk rekkefølge.

Nominasjon av kandidatar til valkomiteen.

12. Valkomiteen skal fremme forslag til to medlemmer til ny valkomité. Valkomiteen består av eitt medlem av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval oppnemnt av dette utvalet, og to av UKM sine delegatar, valt av UKM. Kandidatane må vere delegatar på valtidspunktet.
13. Medlemmene i valkomiteen som ikkje er delegatar på det følgjande UKM møter i samsvar med reglar for ungdomsdemokrati på UKM, med tale- og forslagsrett jf. § 4.

Saksorientering

Bakgrunn

Ungdommens kyrkjemøte vedtek årleg mandat for valkomiteen som førebur val til Ungdommens kyrkjemøte. Mandat for valkomiteen blei vedteke sist under Ungdommens kyrkjemøte 2023.